


R. 591 TYHOLT ALDERSHEIM

GRUNNUNDERSØKELSER GEOTEKNISK VURDERING



20. 1. 82
GEOTEKNISK SEKSJON
PLANKONTORET TRONDHEIM KOMMUNE

R 591 TYHOLT ALDERSHEIM

1. INNLEIING

På oppdrag frå Bygge- og eiendomskontoret v/Erlie og Sandberg, har vi gjort ei grunnundersøking i samband med planlagt nybygg ved Tyholt aldersheim.

2. MARK- OG LAB.-ARBEID

Markarbeidet vart utført i tida 30. november til 7. desember 1981 under leiding av borreformennene Vårum og Buarø. I tillegg til dreiesondering i 6 punkt, vart det borra med Cobra slagsonderingsmaskin i 5 punkt til maksimum 5,5 m under terreng. I 2 punkt tok ein opp uforstyrta prøver med skrueprøvetakar og 54mm sylindrerprøvetakar til ca 2 m djupne.

Borpunktta, som er målt ut i marka av oss, har plassering som vist på situasjonskartet i bilag 1. Borerresultata er framstilt i bilag 2 og 3.

Prøvene vart opna og klassifiserte i laboratoriet vårt av laborant Frantzen. I tillegg målte ein vassinnhald.

3. TERRENG- OG GRUNNFORHOLD

Tomta, som ligg inn mot Asbjørnsens gate, har eit areal på ca 4,2 da. Med unntak av ei lav skråning i det nordvestre hjørnet er området praktisk talt flatt. Terrengprofilerna I og II i bilag 2 viser også dette.

Det øvste laget av grunnen er for det meste fyllmasse. På den nordvestre delen av tomta er dette laget ca 1,5 m tjukt. Midt på området er fyllmasselaget ca 1 m, og ein har grunn til å tru at det er ca 2,5 m tjukt mot Persaunevegen i søraust. Under fyllmassen er det påvist svært fast tørrskorpeleire over fjell. Djupna til fjellet er ca 4 til 5,5 m, og varierer lite over tomta. Ein har grunn til å tru at dei øvre laga av fjellsona er ein del forvittra. Sonderborringane er antatt avslutta i fløssfjell.

4. FUNDAMENTERINGSFORHOLD

Fundamenteringsforholda i tørrskorpeleira er svært gode. Djupna til fjell er relativt liten, men med ein kjelleretasje vil fundamentering likevel truleg skje i leira. Ein vil derfor ikkje ha fundamenteringsproblem på denne tomta.

På grunn av ein del humusinnhald i fyllmassen, bør ein fundamenter bankettar direkte i original grunn.


Grunnforholda på tomta er så jamne at det ikkje vil ha noko å seie for plasseringa av bygningane.

Ein står gjerne til disposisjon ved vurdering av dei resultatata som er lagt fram.

Plankontoret
Geoteknisk seksjon


Odd Magne Solheim
Odd Magne Solheim

Erling Romstad
Erling Romstad




<h1>TYHOLT ALDERSHEIM</h1>	MALESTOKK: 1 : 1000
	TEGN. AV: E. R.
Situasjonskart ○ Slagborring ● Dreieborring ⊙ Prøvetaking	DATO: 6.1.82
	KONTR.:
TRONDHEIM KOMMUNE GEOTEKNISK SEKSJON	RAPP. NR.: R-591
	BILAG: 1

PROFIL I



PROFIL II



TYHOLT ALDERSHEIM		MALESTORR:
1 : 200		
TEGN. AV:		
E.R.		
Dato: 6.1.82		
KONTR.:		
RAPPE. NR.:		
R-591		
BILAG: 2		
TRONDHEIM KOMMUNE		
GEOTEKNISK SEKSJON		

PROFIL I OG II

TYHOLT ALDERSHEIM

PROFIL I OG II

TRONDHEIM KOMMUNE

GEOTEKNISK SEKSJON

TRONDHEIM KOMMUNE

BORPROFIL

Hull : 1 OG 2

Bilag : 3

Nivå : _____

Oppdrag : 591

Sted : TYHOLT

Prøveφ: Skruebor

Dato : 14.1.82

Dybde m	Jordart	Symbol	Pr. nr.	Vanninnhold w				Romvekt t/m ³	Skjærfasthet ved trykkforsøk				Sensitivitet		
				Plastisk område		w _p	w _L		Konusforsøk ▽	Vingeborring		+			
				20	30	40	50%		2	4	6	8	10	t/m ²	
0	LEIRE, SAND OG STEIN torv teglsteinsrester (Fyllmasse)	[Symbol]	1	← W = 82%											
			2												
5	BORING 6														
0	TØRRSKORPELEIRE sandig, humus teglst.rester (Fyllm.) TØRRSKORPELEIRE	[Symbol]	1												
			2												
			3												
			4												
5															
10															
15															
20															